



Vestlandsforskning

Boks 163, 6851 Sogndal

Tlf. 57 67 61 50

Internett: www.vestforsk.no

VF-rapport nr. 3/2006



Prosjektansvarleg

Emnekart og tenesteprosessar

**Bruk av emnekart-teknologi som kunnskapsstøtte for
utføring av tenester på nettet**

Svein Ølnes

VF Rapport

Tittel Emnekart og tenesteprosessar – Bruk av emnekart som kunnskapsstøtte for utføring av tenester på nettet	Rapportnummer 3/2006
	Dato 19.04.2006
	Gradering Open
Prosjekttittel Delprosjekt Emnekart og tenesteprosessar – Bruk av emnekart som kunnskapsstøtte for utføring av tenester på nettet	Tal sider 24 + 16
	Prosjektnr 6005
Forskarar Svein Ølnes	Prosjektansvarleg (VF) Ivar Petter Grøtø
Oppdragsgjevar Norges forskingsråd - Høykom Numedalskommunane v/Nore og Uvdal, Rollag og Flesberg kommunar	Emneord Tenester Emnekart Metadata Integrasjon
Samandrag I Høykom-prosjektet ”Emnekartteknologi og fullført elektronisk saksbehandling på eServicetorget i Numedal i samarbeid med statlige aktører” er bruk av emnekart for integrasjon og tilføring av kunnskap til tenesteprosessar ein viktig del. Prosjektet har valt å fokusera meir på tilføring av kunnskap og visualisering av ulike steg i utføringa av ei konkret teneste, og overlata integrasjonsaspektet til ein felles informasjonsstruktur (LivsIT). Tre tenester er valde ut i første omgang og modellerte med emnekart-teknologi: <ul style="list-style-type: none">• <i>Ta førarkort kl. B</i>• <i>Bustøtte</i>• <i>Byggjesaksbehandling</i> Vi viser ulike integrasjonsnivå for dei tre tenestene; frå eit null-alternativ med ingen aktiv integrasjon til ein tettare integrasjon med bruk av web services som muleggjer deling av logikk i emnekartet.	
Andre publikasjonar frå prosjektet	
ISBN: 82-428-0261-0	Pris:

Forord

Rapporten gjeld delprosjektet ”Emnekart-teknologi og fullført elektronisk saksbehandling på eServicetorget i Numedal i samarbeid med statlege aktørar”, eit delprosjekt som inngår i eit større Høykom-finansierte prosjekt knytt til vidareutvikling av eServicetorget i Numedal.

Rapporten er skriven av forskar Svein Ølnes som har vore koordinator for Norge.no si deltaking i prosjektet. Prosjektleder for hovudprosjektet har vore Hans Henrik Thune, Numedalsutvikling IKS, og han har også vore hovudansvarleg for kvalitetssikring.

Teknisk ansvarleg Randi Marie Sjøholt i Norge.no har hatt ansvar for implementering av dei ulike alternativa som er skisserte i rapporten og som blir viste på Norge.no. Frå Husbanken har Svein-Aage Johansen og Rune Robertsen delteke og frå Vegdirektoratet har Liv Nordbye, Ole Bjørn Lindland, Tove Marianne Myrvang og Siv Elisabeth Løes delteke.

Emnekartmodellane er utvikla av CTO Lars Marius Garshol i Ontopia AS medan Bouvet AS ved Tom Bech og Andreas Johnsen har hatt ansvar for teknisk implementering av modellane samt tilrettelegging av annan informasjon frå Norge.no. Vedlegg 1 er skriven av Tom Bech og Andreas Johnsen, Bouvet AS.

Sogndal, april 2006

Innhold

0	Samandrag	5
1	Om prosjektet generelt og delprosjektet spesielt	6
1.1	Hovudprosjektet	6
1.2	Delmål om bruk av emnekart	7
2	Emnekart og semantisk kunnskapsstøtte.....	9
2.1	Semantisk internett.....	9
2.2	Emnekart (Topic Maps)	10
2.3	Tenesteorientert arkitektur	11
3	Offentlege tenester og tenestestruktur	13
4	Modellering av tenester med emnekart.....	16
5	Alternativ integrasjon av informasjon og tenester.....	18
6	Oppsummering av erfaringar	22

Vedlegg 1: Dokumentasjon av overordna systemarkitektur

0 Samandrag

Delprosjektet med bruk av emnekart for modellering av samansette tenester er ein del av Høykom-prosjektet *Vidareutvikling av eServicetorget i Numedal i samarbeid med statlege aktørar*. Delprosjektet er eit samarbeid mellom eServicetorget i Numedal (prosjektansvarleg), Norge.no, Vegdirektoratet og Husbanken.

Den planlagde innføringa av emnekart-teknologi hjå alle prosjektpartnerane måtte forlatast og problemstillinga vart difor omformulert til å oppnå samhandling ved bruk av ulike teknologiar. Dette er nærmare den kvardagen dei fleste opplever der innføring av ny teknologi må ta omsyn til eksisterande teknologi og spela saman med den.

Problemstillinga vart etter vår meining då meir interessant: Korleis få emnekartmodellane til å samhandla med andre tenester som ikkje er baserte på emnekart? Problemstillinga resulterte i formuleringa av 4 alternativ for samhandling og integrasjon der dei tre første er implementerte på Norge.no:

Alternativ 0: Inga tilpassing og samhandling

Alternativ 1: Enkelt tekstleg tilpassing (og eventuelt "uintelligent" teknisk integrasjon i form av *iFrame*)

Alternativ 2: Bruk av xml/web services til å overføre både informasjon og logikk frå emnekartmodellen

Alternativ 3: Bruk av semantisk teknologi også på mottakarsida

Vi har identifisert eit behov for tilpassa tenesteomtalar i statleg sektor. I staden for at kvar etat strukturerer sine tenesteomtalar etter eige hovud, trengst det ei samordning og ei tilråding i form av malar for tenesteomtalar. Dette kan sjåast på som ei første semantisk standardisering, på eit nokså overordna nivå.

Vi har vidare vist at ei viss tilpassing utover tekstleg samsvar mellom nettstadane kan gjennomførast ved bruk av enkel teknologi¹.

Mykje av den innebygde logikken i eit emnekart kan utvekslast ved hjelp av strukturerte datafiler (xml eller xtm²). Mottakaren kan då gjengi dei viktigaste samanhengane i modellen (= ontologien) samtidig som han står fritt til å teikna opp modellen og integrera den i eige informasjonssystem slik det passar. På dette stadiet får vi også stor grad av gjenbruk av data, noko som er viktig for å unngå duplisering og feilaktig/manglande oppdatert informasjon. Ein slik gjenbruk vil heva datakvaliteten.

Ei innføring av semantisk teknologi i eit eller anna omfang ser ut til å blir stadig meir aktuelt. Det kan vera teknologiar som emnekart eller RDF + OWL. I begge tilfelle vil verksemda som tek i bruk teknologien ha store mulegheiter til saumlaus integrasjon med andre tenester som også er baserte på semantisk teknologi. Men ein slik integrasjon kjem heller ikkje av seg sjølv; det krevst ein stor grad av samordning og harmonisering av ord og omgrep.

¹ Bruk av rammer (*frames*) som del av HTML-kodinga har vorte sett på som uheldig fordi det ofte medfører problem for brukarane. *iFrame*-teknologien kan ha den same uheldige verknaden, men det er muleg å unngå fallgruvane ved å vera merksam på problema.

² XTM (XML for Topic Maps) er eit utvekslingsformat for emnekart bygt på XML. Det er utarbeida av TopicMaps.org som eit fritt og ope format.

1 Om prosjektet generelt og delprosjektet spesielt

1.1 Hovudprosjektet

Delprosjektet med bruk av emnekart for modellering av samansette tenester er ein del av Høykom-prosjektet *Vidareutvikling av eServicetorget i Numedal i samarbeid med statlege aktørar*. Prosjektet er samansett av følgjande delmål (rekkefølgja er ikkje nødvendigvis i samsvar med prosjektplanen):

1. Å planleggja, realisera og evaluera nye område for samarbeid og funksjonsdeling, nye felles eTenester mellom kommunane og faktisk uthenting av gevinstar gjennom prosjektperioden
 - a. utvida omfanget av funksjonsdeling/funksjonssamarbeid mellom kommunane
 - b. utvida tal elektroniske skjema og innføring av PKI-støtte der det er nødvendig
 - c. å etablera ein fellesfunksjon for førstelinjetenesta kommunane utfører for Husbanken
 - d. utarbeida ein samla gevinstrealiseringsplan for dei tre Numedalskommunane
2. Å klargjera rolle- og ansvarsdelinga mellom kommunane, regionale og statlege aktørar (inkl. "MiSide" frå staten) i utviklinga av eit framtidretta, koordinert og heilskapleg offentleg eTenestetilbod for innbyggjaren, næringslivet og fritidsbuaren
 - a. planleggja og modellera eTenestene i ein større heilskap i samarbeid med dei statlege aktørane
 - b. gjera statlege tenester tilgjengelege også i eServicetorget
 - c. oppnå gjenbruk av elektroniske data og tenester på tvers av forvaltningsnivå
 - d. utarbeida ein prototype på tenesta *ePostkasse* (arkiv for elektronisk kommunikasjon med offentlege etatar)
3. Å utnytta emnekartteknologien og implementera denne i eServicetorget for nye logiske navigerings- og søkemetodar utover gjeldande LivIT-hierarki
 - a. bruk av emnekart-teknologi for modellering av tenester frå Vegdirektoratet og Husbanken til (gjen)bruk på eServicetorget
 - b. testa og evaluera løysinga og etablera den som eit forslag til standardisering og erfaringsoverføring med tanke på etablering og tilgjengeleggjering av offentlege e-tenester på tvers av forvaltningsnivå
4. Å bidra til ein vesentleg utvida bruk av eTenester generelt og eServicetorget og "Mitt eServicetorg" spesielt. Målet er at portalen blir den føretrekte inngangen til alle offentlege eTenester i Numedal i løpet av prosjektperioden
 - a. etablera kundebehandlings og –oppfølgjingsystem på eServicetorget
 - b. etablera system for måling av kundetilfredsheit via eServicetorget
 - c. kompetanseheving for leiing, saksbehandlarar og kundeteneste
5. Fortløpande dokumentera, evaluera og gjera tilgjengeleg erfaringar og løysingskonsept frå prosjektgjennomføringa via prosjektvev.

1.2 Delmål om bruk av emnekart

Delprosjektet med bruk av emnekart for å integrera elektroniske tenester frå ulike forvaltningsnivå og for å gjenbruka informasjon, er som vist i førre kapittel berre eitt av i alt fem delprosjekt.

I prosjektplanlegginga var planen å integrera tenester frå ulike hald ved å bruka emnekart hjå dei ulike partnarane. Av ulike grunnar vart det tidleg i prosjektet vedteke å konsentrera emnekartsatsinga til Norge.no og arbeida ut frå ein modell med ei sentral emnekart-installing. Det var både teknologiske og organisatoriske grunnar for dette valet.

Satsinga på ein emnekartinstallasjon hjå Norge.no og vidareutvikling av tenester på dei teknologiske plattformene dei respektive partnarane køyrer på, har gitt prosjektet ein viktig tilleggsdimensjon: Vi får prøva ut emnekart-teknologi i eit heterogent teknologisk miljø og kan få svar på korleis emnekart-teknologi kan integrerast med annan teknologi og kva utfordringar det medfører.

Denne endringa gjer at prosjektet blir meir aktuelt enn det som var planlagt. Den vanlege situasjonen er at ei emnekartløyning hjå ein organisasjon må leva i ei verd utan emnekart – det er hovudregelen. Viktige spørsmål som kan stillast til ei slik emnekartinstallering, som til alle andre teknologistandardar, er korleis den samspekar med omverda og om andre som ikkje brukar emnekart også kan nytta seg av den kunnskapen som er innebygt i emnekartet.

Delprosjektet med bruk av emnekart for modellering av tenesteprosessar har hatt følgjande primære og sekundære mål:

- Primære delprosjekt-mål:
 1. Gjera det enklare for innbyggjarane å bruka offentlege tenester på nettet
 2. Få til ein god integrasjon mot andre system og tenester gjennom LivsIT-standarden
- Sekundære delprosjekt-mål:
 3. Hjelpa offentlege verksemder til å få betre oversikt over eigne prosessar og eksterne samanhengar
 4. Medverka til betre samspel mellom offentlege verksemder på tenestenivå

Utgangspunktet for prosjektet er meir brukarorientering og betre tilrettelegging av elektroniske tenester for brukarane. Det er brukarane som i første rekkje skal få ein meirverdi av den nye måten å presentera samansette tenester. Dernest er det viktig med god integrasjon i bakgrunnen slik at brukaren opplever samansette tenester som ein heilskap, og ikkje som fragmenterte teneste-bitar leverte av ulike verksemder og med ulik utforming.

Vi ser også at arbeidet med modellering av tenester på denne måten gir tenesteeigarane ein betre oversikt over prosessane som inngår i ei teneste og at ein ofte er avhengig av eksterne partar for å gi eit samla bilete. Modelleringa får på den måten fram behovet for integrasjon og heilskapleg tenking på ein god måte. Modelleringa får også i gang ein dialog mellom leverandørar av ulike teneste-prosessar.

Med dei utvalde tenestene og modelleringa i emnekart har vi ønskt å visa ulike grader av integrasjon og kunnskapsutveksling mot den sentrale emnekart-installasjonen hjå Norge.no:

1. **Alternativ 0**

Dette alternativet viser dagens situasjon der vi ikkje gjer noko tilpassing eller tilrettelegging på dei vevtenestene det blir lenka til i emnekartmodellen. Frå emnekartmodellen lenkar vil til den sida hjå mottakarorganisasjonen som passar best ut frå innhald.

2. **Alternativ 1**

I dette alternativet gjer vi enkelte mindre tilpassingar på vevtenestene det blir lenka til. Presentasjonen av dei ulike stega i tenesteutføringa blir samkøyrte med stega i emnekartmodellen slik at brukaren vil oppleve at emnekartmodellen hjå Norge.no og den vevtenesta brukaren endar på ved å klikka på eit av stega i modellen, heng saman. Alternativet krev ei eiga tilpassa side for kvart trinn i emnekartmodellen.

Alternativet kan også utvidast med ein enkel integrasjonsteknikk som *iFrame*, der informasjon frå vertstenesta (Norge.no) blir vist i eiga ramme på mottakarsida. Dette kan sjåast på som eit tillegg til alternativ 1; eit slags alternativ 1+.

3. **Alternativ 2**

Dette alternativet vil visa ei optimal tilpassing og integrasjon utan at mottakartenesta må ta i bruk emnekart-teknologi sjølv. Her er det utveksling av informasjon i XML ved hjelp av teknologien *web services* som er sentral. Mottakartenesta mottak informasjon frå avsendar i form av XML og kan integrera denne på eigen nettstad etter behov. Det sentrale i dette alternativet er at logikken i emnekartmodellane i stor grad blir overførte til mottakarorganisasjonen. Alternativet har i tillegg stor grad av fleksibilitet i forhold til utforming.

4. **Alternativ 3**

Dette er alternativet vi såg for oss i starten av prosjektet: Mottakarorganisasjonen har også teke i bruk semantisk teknologi (som emnekart) og det kan etablerast ei mykje tettare integrering. Dette alternativet vil ikkje bli vist i løpet av prosjektet grunna manglande ressursar. Det ville krevja større investeringar i emnekart-teknologi hjå mottakarorganisasjonen.

2 Emnekart og semantisk kunnskapsstøtte

2.1 Semantisk internett

Ord som *interoperabilitet*, *semantisk internett* og *metadata* blir stadig oftare brukte og mykje tyder på at vi står framfor eit nytt utviklingssteg for nettbasert informasjon og tenester. Tim Berners-Lee var veldig optimistisk med tanke på utvikling av den semantiske veven i artikkelen *The Semantic Web* (Berners-Lee et. al. 2001). Her blir tankar om korleis ein semantisk understøtta vev kan brukast til å automatisera trivielle oppgåver. Artikkelen er kanskje i overkant optimistisk på dette området, og eksempla brukte utstrekt bruk av agentar som samlar inn og prosesserer informasjon for brukaren, er kanskje med på framandgjerung av idéen. Det viktige poenget med ein semantisk understøtta vev er å utstyra informasjonen med struktur og mening for dermed å gjera informasjonsutveksling lettare:

”The Semantic Web is an extension of the current web in which information is given well-defined meaning, better enabling computers and people to work in cooperation.”

Det er viktig at dette poenget ikkje forsvinn; den semantiske veven er i første rekkje til hjelp for maskinene som blir i stand til å ”forstå” informasjonen og behandla den etter oppsette reglar, noko som i siste instans hjelper brukarane til å få meir ut av dei enorme informasjonsmengdene på nettet.

I dag finst det to hovudretningar for ein semantisk understøtta vev:

1. Emnekart (ISO 13250)
2. RDF/OWL³ (W3C si tilråding)

Dei to teknologiane kjem frå kvar sine miljø og standardiseringsorganisasjonar. Emnekart kjem frå ISO-verda, medan RDF/OWL kjem frå W3C. Arbeid er i gang for harmonisering av dei to standardane slik at dei kan samsnakka og utveksla informasjon utan at kunnskapsstøtta går tapt (Pepper et al. 2006). Litt enkelt kan ein seia at emnekart kjem frå ei biblioteksverd og ein tankegang som minner mykje om det biblioteksfaglege medan RDF/OWL har røtene sine i kunstig intelligens (AI).

I Norge har emnekart fått spesielt stor merksemd mykje takka vera gode teknologiske miljø som har vore i front i standardiseringsarbeidet og som også har marknadsført standarden godt. Det skal heller ikkje undervurderast at ein her har klart å etablere eit meningsfullt norsk namn som ikkje er ei trebokstavsforkorting.

Emnekart har fått eit særleg godt fotfeste i offentleg sektor. Mange portalar er alt etablerte med emnekart som underliggjande drivkraft, og mange er under arbeid.

³ RDF = Resource Description Framework,
OWL = Web Ontology Language

2.2 Emnekart (Topic Maps)

Emnekart vart ein ISO-standard i 2000⁴ og den gjeldande standarden er frå 2003⁵ (ISO/EIC 2003). At emnekart er ein standard er ei forsikring for at dei som ordnar informasjonen sin etter dei definerte reglane, kan utveksla informasjon med andre som gjer det same. Det gir også større sikkerheit for at informasjon strukturert etter emnekart-standard, kan utvekslast med andre informasjonssystem, framfor alt andre semantisk baserte kunnskapssystem.

Standarden er relativt ny og det er ei viktig forklaring på at teknologien enno relativt sett er teken lite i bruk og at det er relativt lite tilgjengelege verktøy for bygging av emnekart-portalar. Kunnskapen om standarden er også avgrensa i konsulentbransjen.

Det er fleire tillegg til standarden under arbeid. Mellom anna vert det arbeida med ein standard for spørjing mot emnekart, og det vert arbeida med å standardisera rammer og avgrensingar i modellspråket (*constraint language*).

Emnekart er eit språk for å beskriva informasjon og samanhengen mellom ulike informasjonselement. Det blir gjort ved å laga ein *ontologi*⁶. Sentrale begrep i ontologien utforma ved hjelp av emnekart, er:

- emne (*topics*)
- assosiasjonar (*associations*)
- førekomstar (*occurrences*)

Eit emne er ein representasjon av eit subjekt og kan vera ”kva som helst”. Som Steve Pepper, Ontopia, definerer det i si grunnleggjande innføring i emnekart *The TAO of Topic Maps* (Pepper 2000):

” What then is a topic? A topic, in its most generic sense, can be any “thing” whatsoever — a person, an entity, a concept, really anything — regardless of whether it exists or has any other specific characteristics, about which anything whatsoever may be asserted by any means whatsoever.

Det er altså ikkje grenser for kva som kan vera emne i eit emnekart. Assosiasjonane er namn på relasjonar mellom emna. Førekomstane er instansar av emna, ofte nettadresser (URI).

Emnekartet blir eit kunnskapslag over informasjonsressursane. Ved hjelp av kunnskapslaget får vi betre oversikt over informasjonen og samanhengen mellom ulike informasjonselement. Kunnskapsstøtta kjem også til syne når ein gjer spørjinga mot emnekartet. Eit emnekart om t.d. Shakespear kan gi oss svar på innfløkte spørjingar som ”vis alle skodespel av Shakespear som har vorte filmatiserte”. Det er ei type spørjing som ikkje er lett å få til utan vidare i ei ustrukturert informasjonsmengde.

⁴ ISO/EIC 13250:2000

⁵ ISO/EIC 13250:2003

⁶ Ontologi er gresk for ”læra om det verande; læra om alle tings vesen og samheng”. Dette er den filosofiske betydninga; i IT-samheng meiner vi helst ein beskrivelse av objekt og samanhengen mellom objekta.

2.3 Tenesteorientert arkitektur

Eit sentralt begrep i dagens sterke fokus på å tilby (digitale) tenester for publikum, er ein tenestearkitektur, på engelsk *Service-Oriented Architectur (SOA)*⁷. Ein tenesteorientert arkitektur er kjenneteikna av stor grad av gjenbruk av data og integrasjon mellom ulike løysingar ved hjelp av *opne standardar*. Utvikling av tenesteorienterte løysingar er prega av komponent-orientert tankegang i motsetnad til utvikling av (monolittiske) totalløysingar. Eit vesentleg moment med tenesteorienterte løysingar er også ei klar lagdeling og ei forståing for at nye løysingar må byggjast steg for steg og stein på stein; ikkje full utskifting av alt på same tid.

Det er fleire faktorar i dagens IT-løysingar i offentleg sektor som gjer det naturleg å tilrå ei slik utvikling:

- offentlig sektor er framleis prega av stort mangfald med mange ulike løysingar som ikkje snakkar saman
- ei og same teneste blir ofte utvikla fleire gonger uavhengig (jfr. 431 kommunar som alle treng skjema for søknad om barnehageplass)
- det blir etablert parallelle infrastrukturar i staden for å tenkja på tvers av etatar og sektorar
- ei sann brukarorientering krev eit samarbeid bak tenestene for å unngå at brukarane opplever ei fragmentering

I rapporten "Arkitektur for elektronisk samhandling i offentlig sektor" (MOD 2004) vart det foreslått følgjande tiltak for betre elektronisk samhandling:

1. Betre tilgjengeleggjing, kostnadseffektivitet og gjenbruk av offentlege register
2. Samordning av viktige omgrep i elektronisk samhandling
3. Felles prinsipp, metodar og krav til samhandlingsløysingar
4. Betre utnytting av IT i organiseringa av offentlege sektor
5. Fremjing av konkurranse mellom leverandørar
6. Organisering av ein tydeleg koordineringsfunksjon sentralt

Dei tre første punkta kan samanfattast i ein tenesteorientert arkitektur. Namnet var ikkje etablert då rapporten vart skriven.

Problemet med omgrepet tenesteorientert arkitektur og innføring av dette som prinsipp, er at ein ofte fell ned på ei teknisk forklaring og endar opp med å peika på *web services* som svar. Litt enkelt sagt kan vi seia at "web services/SOA er svaret, kva var spørsmålet?". Dei organisatoriske barrierene og utfordringane blir ofte undervurderte eller jamvel heilt gløymde. I EU snakkar ein ofte om tre typar samhandling (interoperabilitet):

- Organisatorisk
- Semantisk
- Teknologisk

⁷ Teneste-orientert arkitektur (SOA) kjem av bruken av tenester (*services*) for å støtta brukarkrav. Nodar i eit nettverk tilbyr ressursar til andre i nettet. Ulikt tradisjonelle punkt-til-punkt arkitekturar representerer SOA ei laus kopling samstundes som det er høg grad av samhandling (interoperabilitet). Kjelde: Wikipedia

Dei to første punkta er dei vanskelegaste, og ofte kjem det semantiske laget i skvis mellom dei andre. Vi har lett for å gløyma at namn og omgrep er noko av det vanskelegaste å sameina. Det blir til dømes hevda at det finst eit titals definisjonar av ordet *lønnsinntekt* – kva for eit er rett?

Dei store utfordringane er altså å endra organisasjonane i takt med endra krav og endra bruksmønster hjå brukarane. Vi ser heilt tydeleg endra mønster i bruk av offentlege tenester, men så langt er det ikkje mykje reflektert i organisatoriske endringar.

Også harmonisering av ord og uttrykk representerer ei stor utfordring. Oppgåveregisteret arbeider med delar av dette innafor strukturert informasjon (for det meste skjemabasert informasjon). På området ustrukturert informasjon er tilstanden endå meir umoden.

3 Offentlege tenester og tenestestruktur

Delprosjektet handlar om å gjera offentlege tenester på nett betre tilgjengelege for brukarane. Emnekart er her eit middel, ikkje eit mål. Når vi snakkar om offentlege tenester brukar vi her ei generell tilnærming.

Dersom vi skal ta teneste-begrepet strengt semantisk, kan vi kanskje seia at mykje av det som blir kalla offentlege tenester heller burde kallast andre ting. Det kan hevdast at ein kommune

”gir løyve”

”utarbeider planar”

”krev inn”

”fører tilsyn med”

”yter heimehjelpstenester ”

og at alt dette ikkje er *tenester* (Aaberge 2006). Men ei pragmatisk tilnærming til dette saman med ei brukarorientert tilnærming, gjer at slike oppgåver oftast blir samla under *teneste*-begrepet. Ei undersøking⁸ av dei vevtenestene til 10 av dei største kommunane i landet samt dei seks kommunane som kom best ut på Norge.no si kvalitetsvurdering i 2005, viser også ei liknande bruk av teneste-begrepet. Men den viser også at definisjonane av dei ulike teneste-områda spriker; meny punkt samsvarer til ein viss grad på toppnivået, men spriker mykje på nivåa under.

Til slutt er det også eit viktig spørsmål kva brukarane oppfattar som tenester, det er trass alt brukarane sitt språk vi prøver å fanga her. Vi veit ikkje nok om dette, men i arbeidet med ny struktur for offentlege tenester fekk vi følgjande svar på spørsmål til 25 kommunar om kva som er dei mest etterspurde tenestene, i prioritert rekkefølge (Ølnes 2005):

1. Byggjesaker
2. Helse- og sosialtenester
3. Kommunale avgifter
4. Barnehage
5. Bustøtte
6. Skule og oppvekst


Det viser at brukarane ikkje skil på reelle tenester (som barnehage) og byggjesak (byggjemelding), som i realiteten er eit løyve frå kommunen.

Tenesteprossessar

Tenesteomgrepet er ofte eit samleomgrep for ei samling av prosessar. Ei teneste innheld ofte mange delar som til saman utgjer ei heil teneste. Delane av tenesta, prosessar, kan vera både interne og eksterne og såleis ha ulike ansvarlege organisasjonar. Eit eksempel på ei slik samansett teneste er å ta førarkort (bil – klasse B). I denne tenesta inngår det prosessar frå fleire organisasjonare, både statlege og private, og organisasjonar frå ulike sektorar (stat og kommune). Tenesta er dermed godt eigna til å visa dei ofte kompliserte samanhengane i det som for brukaren skal vera ei heilskapleg teneste.

⁸ Ei visuell undersøking føreteken i samband med eit anna Høykom-prosjekt: *Integrerte tenesteportalar i Sogn og Fjordane*

Førarkort klasse B - personbil



Figur 1: Modell for førarkort kl. B som viser dei ulike trinna i tenesta

Dei ulike fargane på trinna i tenesta viser kven som utfører trinna. Trinna representerte med dei gule boksane blir utførte av Vegvesenet medan dei grønne trinna representerer andre

verksemder (t.d. trafikkskular). Trinna i dei kvite boksane er stort sett usynlege for brukaren av tenesta i dag. Helseattest er berre aktuelt i visse tilfelle, som regel er det nok med ei eigenfråsegn om helsetilstand. Vandel blir sjekka ”i bakkant” og utan at søkjar er klar over det.

Vi meiner det er viktig å ta med også slike trinn i modellen for å visa brukaren alt som skjer. Det har både med opplysningsplikt å gjera samstundes som det kan opplysa enkelte søkjarar på førehand slik at dei slepp å gjennomføra mange trinn berre for å oppleve at søknad om førarkort blir avslegen av omsyn til dårleg vandel.

Vi viser i denne rapporten berre tenesta *Ta førarkort*, men prinsippa og løysingane er dei same også for dei to andre tenestene, *Bustøtte* og *Byggjesak*. Alternativa er omtala og demonstrerte på <http://app.norge.no/demo/numedal>.

4 Modellering av tenester med emnekart

Emnekart er brukt i mange ulike samanhengar, men er mest kjent som drivkraft for ulike typar web-portalar. Det er fordi emnekart-terminologien passar som hand i hanske med web-terminologien og måten web-portalar som regel blir strukturerte på.

Men emnekart har andre bruksområde og har mellom anna vorte brukt til å løysa følgjande problem:


- handtering av ulike taksonomiar
- e-læring
- modellering av forretningsprosessar (som er nokså likt vår bruk)
- handtering av metadata
- handtering av eigedommar og eigedelar (*Asset Management*)
- oversikt og kontroll med IT-driftsressursar (server-maskiner og program som går på desse)
- handtering av etterretningsdata

Av desse eksempla er det modellering av forretningsprosessar som er mest likt vår bruk av emnekart. Ein stor mobiltelefon-produzent brukar til dømes emnekart til å halda styr på ulike modellar av mobiltelefonar, tilhøyrande operativsystem, utstyr og ekstrautstyr knytt til modellane osv. Eit eksempel på korleis eit slikt system fungerer i praksis:

Emnekartet hindrar produsenten å utstyra *modell X* med *utstyret Y* fordi modellen er basert på *versjon Z* av operativsystemet og dermed ikkje har innebygd støtte.

I vår modellering av tenester vil vi visa dei ulike trinna tenesta er sett saman av, og dei vilkår og avgrensingar som eksisterer for gjennomføring av trinnet samt kven som er ansvarleg for dette trinnet. Det er nokså likt eksempelet over.

På overordna nivå kan vi setja opp følgjande emnekartmodell:



Figur 2: Emnekartmodell for tenesteprosessar

Emnekartmodellen vil hjelpa oss å halda styr på føresetnader og krav for utføring av det enkelte steget i tenesteutføringa. Vi kan på den måten visa progresjonen i tenesteutføringa på

ein pedagogisk god måte – emnekartmodellen vil fungera som ein *vegvisar* i utføringa av tenesta.

Hovudutfordringa er å få til gjenbruk av data og logikk frå emnekartet, også til miljø som ikkje brukar emnekart. Ved bruk av emnekart både hjå avsendar (startpunkt for utføring av teneste) og mottakar (oftast tenesteansvarleg), er det opplagt at målet om gjenbruk av data og logikk blir ivareteke. Det er ikkje utan vidare opplagt når vi snakkar om heterogene teknologiske miljø. Vi viser med desse modellane, og implementeringa av dei, korleis ein kan ivareta dette også i blanding av emnekartmiljø og andre teknologiske miljø.

5 Alternativ integrasjon av informasjon og tenester

Prosjektet *Vidareutvikling av eServicetorget i Numedal i samarbeid med statlege aktørar* hadde i utgangspunktet planar om at alle partnarane i prosjektet skulle ta i bruk emnekart-teknologi og at integrasjonen på tvers skulle skje innafør emnekartstandarden.

Det viste seg fort at å ta i bruk emnekart er ei omfattande avgjerd og noko som vanskeleg kan gjerast på kort tid og innafør eit avgrensa prosjekt. Det må sjåast i samanheng med eksisterande IT-strategi og plattformer i dei aktuelle organisasjonane og det faktum at det er vanskeleg å endra slike strategiar på kort varsel.

Prosjektet reformulerte difor problemstillinga til å dreia seg om:

Korleis kan ein integrera informasjon og tenester mellom organisasjonar med ulike teknologi-plattform?

Ein annan måte å formulera utfordringa på er: *Korleis skal ein ta vare på mest muleg av kunnskapen i eit emnekart utanfor emnekart-verda?* Vi meiner problemstillinga ligg nærmare opp til den verkelege verda vi ser rundt oss: Emnekart er ein interessant teknologisk standard som har fått mykje merksemd, men dei fleste organisasjonane i offentleg sektor brukar framleis ikkje emnekart. Det vil difor i lang tid framover vera ei aktuell problemstilling å prøva å overføra så mykje av innebygd emnekartkunnskap som muleg til aktørar som ikkje brukar emnekart.

Etter endringa vart det vedteke at Norge.no fekk hovudansvaret for etablering av ei emnekart-plattform og at dei tre andre aktørane, Numedal, Vegdirektoratet og Husbanken, skulle arbeida vidare innafør den same teknologiske plattformen som dei alt hadde. Utfordringa vart dermed å overføra mest muleg av kunnskapen i Norge.no sitt emnekart til dei andre aktørane.

Gjennom delprosjektet vil vi visa ulike alternative modellar for integrasjon med emnekart-modellane på Norge.no: I tillegg vil ein gjennom eServicetorget i Numedal (www.eservicetorget-numedal.no) vise gjenbruk og presentasjon av sentralt innhald på lokal nettstad (ved bruk av alternativ 2 nedanfor).

Alternativ 0 (null):

Dette alternativet viser dagens utgangspunkt dersom det ikkje blir gjort noko aktivt for tilpassing og integrering av informasjon. Norge.no som forvaltar emnekartmodellane, viser emnekartmodellen for tenesta grafisk saman med ein kort generell beskrivelse.

Utgangspunktet for alternativet er at brukaren startar informasjonssøket på Norge.no sine sider og kjem fram til følgjande modell for førarkort (klasse B – vanleg bil):

The screenshot shows the Norge.no website interface. At the top, there's a blue header with the site name and navigation links. Below that is a search bar and a main navigation menu. The main content area is titled 'Førarkort klasse B' and features a flowchart for 'Alternativ 0 - Ingen tilpassing'. The flowchart starts with 'Trafikalt grunnkurs', followed by 'Øvingskjøring', 'Søknad om førerkort', 'Obligatorisk opplæring', 'Teoriprøve', and finally 'Førerprøven'. Side options include 'Mørkekjøring' (pointing to 'Trafikalt grunnkurs'), 'Helseattest' and 'Vandel' (pointing to 'Søknad om førerkort'), and 'Frivillig teorikurs' (pointing to 'Teoriprøve').

Figur 3: Tenesta førarkort kl. B modellert i emnekart og presentert på Norge.no sine sider

Når brukaren klikkar i modellen, blir han/ho sendt til tenesteansvarleg sine sider, i dette tilfellet Vegdirektoratet, og til dei sidene om førarkort som eksisterer i dag. For enkelte trinn er det samanfallande informasjon, for andre trinn kjem brukaren til ei generell informasjonsside.

Føremålet med alternativet er å visa det minimum av samordning som må til for å få til samhandling.

Brukaren må gå tilbake til startside for å finna att modellen sidan det ikkje er noko samband mellom startpunktet (norge.no) og destinasjon (vegvesen.no).

Alternativ 1:

I dette alternativet blir det gjort ei enkel tilpassing ved at beskrivelsen av tenesta blir strukturert etter same mønster som trinna i tenesta. Mottakar-organisasjonen må sørgja for at det for kvart trinn i tenesta finst ein ressurs (informasjonsside/dokument) som tilsvarende dette trinnet og med dei same begrepa og overskriftene. Med utgangspunkt i figuren over, vil det seia at Vegdirektoratet må strukturera informasjonen sin i følgjande sider:

- 'Trafikalt grunnkurs'
- 'Mørkekjøring'
- 'Øvingskjøring'
- 'Søknad om førerkort'
- 'Helseattest'
- 'Vandel'
- 'Obligatorisk opplæring'
- 'Teoriprøve'
- 'Frivillig teorikurs'
- 'Førerprøven'

Med eit ein-til-ein-forhold mellom tenestemodell og tenesteomtale, vil brukaren kjenna seg att og ikkje bli fullt så forvirra som i alternativ null. Merk at det her ikkje er noka teknisk tilpassing, det er berre ei tekstleg strukturering.

Vi ser i dette alternativet og også andre, eit behov for standardisering av tenesteomtalar i statleg sektor. Skal vi oppnå samhandling, kan ikkje kvar etat omtala sine tenester heilt etter eige hovud. Det trengst ei viss standardisering i form av ein mal for tenesteomtalar, på lik linje med det som er utvikla i kommunesektoren (nasjonal tenestekatalog). Vi trur FAD gjennom Norge.no er den rette instansen til å utarbeida forslag til slike malar, i samarbeid med fagetatane.

Alternativ 1+

Alternativet 1 kan også utvidast med eit teknisk tillegg ved at den grafiske modellen kan overførast som eit *iFrame-element*⁹. Ved å inkludera iFrame-elementet på eigne sider, kan den visuelle modellen overførast på ein enkel måte. Dette er ein visuell og "uintelligent" måte å integrera på; logikken i emnekartmodellen følgjer ikkje med. Det er på mange måtar ei "skinn-integrering", men den gir nokre fordelar i tillegg til den tekstlege tilpassinga.

For brukaren vil det vera ei god hjelp å få med den visuelle modellen og også kunna bruka den til å navigera, sjølv om den teknisk sett blir henta frå ei anna teneste.

Alternativ 2:

I alternativ 2 er integrasjonen reell og vi går lenger i delinga av informasjon og kunnskapen om informasjonen. Der alternativ 1 manglar overføring av logikken i emnekartmodellen, vil ein i alternativ 2 få overført dei viktigaste samanhengane i modellen (ansvarleg for trinn, føresetnader for utføring av trinn, forrige og neste trinn osv.).

Utvekslinga av denne informasjonen blir gjort ved hjelp av XML og overføringa skjer ved hjelp av *web services*; ein teknologi for utveksling av strukturert informasjon mellom maskiner. I dette tilfellet, med enkle modellar med lite oppdatering, er det brukt *web services* i

⁹ iFrame = *Inline Frames*; definert i HTML 4.01-spesifikasjonen av 1999. Elementet gjer det muleg å plassera ei ramme innafor ei tekstblokk. Innhaldet i ramma kan komma frå ei vilkårleg nettside, oftast frå ein ekstern stad.

i ReST¹⁰-arkitektur, dvs. vanleg get HTTP-kall og ikkje SOAP¹¹ slik web services oftast blir implementert og forstått. Bruk av SOAP vil her vera unødvendig komplisert.

Mottakarsida må likevel tolka den strukturerte informasjonen ut frå avsendar sin beskrivelse; det ligg ikkje nokon overordna beskrivelse av strukturen i denne omgangen. Det er noko som eventuelt må arbeidast vidare med, med tanke på å gjera framgangsmåten meir generell og brukbar på alle typar offentlege tenester. Med tanke på samhandling er den tekniske sida ivareteken, medan den semantiske delen er mangelfull.

Mottakaren står nokså fritt til å integrera den overførte informasjonen i sitt informasjons-system. Modellen kan teiknast opp på nytt, ut frå dei opplysningane som ligg i den overførte informasjonen, eller det kan lagast ein ny presentasjon av dei same data som passar meir til mottakaren sin nettstad.

Alternativ 3:

I det siste alternativet tek vi steget fullt ut og integrerer ved hjelp av semantisk teknologi på begge sider. Det mest nærliggjande er å tenkja seg at også mottakaren baserer systemet sitt på emnekart, og at ein flettar saman informasjonen frå avsendar og mottakar ved hjelp av dei innebygde mekanismane i emnekart-teknologien. Det kan vera ei tradisjonell fletting (*merging*) eller det kan vera ei lausare form for integrasjon ved hjelp av teknologien TMRAP¹².

I alle tilfelle vil ein kunna oppnå ein saumlaus integrasjon mellom dei to nettstadane. Men for å oppnå full semantisk samhandling, er det ein føresetnad at mekanismane for namngiving og standardisering blir følgde. I emnekart blir dette gjort ved å angi namneautoritetar, såkalla *Published Subject Identifier*(PSI)¹³. PSI'ar kan sjåast på som ei standardisering av namn, ord og uttrykk (termar).

Oppsummering av alternativ

I dei ulike alternativa har vi vist korleis situasjonen er i dag dersom det ikkje blir gjort noko tilpassing i det heile, via enkel tekstleg strukturering, til overføring av mykje av logikken og til slutt full semantisk interoperabilitet.

